

Nordhordland Vetaranbåtlag
Årsrekneskap 2015

Årsmeldinga for året 2015

Årsmøtet i 2015, vart halde den 21.mars og 28 medlemmar møtte fram.

Ved valet vart valnemda si innstilling følgt og desse vart dei tillitsvalde for året 2015:

Leiar	Tor Johannes Bjørgaas
Nestleiar	Odd Tepstad
Styremedlem	Vigdis Markussen, Knut Arne Høyland, Kjell Harald Nedreaas, Svein Mostrau og Arthur Brekke
Varamenn	Jan Ulvøy, Gunnar Guldbrandsøy og Magnar Brekke.
Revisor	Deloitte AS v/Oddvar Sundsbø
Valnemd	Magne Hellan, Finn Guldbrandsøy og Atle Haukøy.
Kjedefondet	Vidar Lehmann og Magne Angelskår med Magne Hellan og Gunnar Guldbrandsøy som varamenn.

På det konstituerande styremøtet , den 25. juni vart styret organisert såleis:

Drifts- og vedlikehaldsgrupp: Svein Mostrau, Jan Ottar Ulvøy, Odd Tepstad, Jakob Holme, Roald Moldekleiv og Tor Johannes Bjørgaas.

Lagsgrupp, med medlemskontakten: Vigdis Markussen, Knut Arne Høyland og Arthur Brekke.

Dokumentasjons- og historikkgrupp: Odd Tepstad, Kjell Harald Nedreaas og Vidar Lehmann.

Finansierings- og Økonomigrupp: Kjell Harald Nedreaas, Arthur Brekke og Odd Tepstad.

Kjedefondet: Styret sin representant: Knut Arne Høyland.

Rekneskapsfører: Økonor i Knarvik.

Styret har hatt 6 ordinære møte i perioden og alle møta vart haldne på Ostereidet og takk til trise Ragnhild for bevertninga.

Styremedlem Knut Arne Høyland døydde den 7. oktober 2015.

Rapport frå Drifts- og vedlikehaldsgrupp:

Driftsrapport:

Seglings sesongen vart opna med Kulturdagen i Ytre Arna, laurdag den 25. april, der OSTER transporterte folk frå Øyrane Torg, Haus og Votlo til/frå arrangementet i Ytre Arna. Dette var ein regnværsdag og oppslutnaden om turane vart noko redusert samanlikna med året før.

Dagen etterpå gjekk turen til verkstedet Bergen Group Skjøndal for den årlege slippsetjinga og inspeksjonar av Sjøfartsdirektoratet. Skipsmannskapet gjorde ein stor innsats slik at skutebotnen vart klar den same dagen og sjøsetjinga kunne skje alt den neste føremiddagen, med heimreis like etterpå. I Bjørsvik heldt vårpussen fram, slik at Oster vart retteleg ” blankpust og fin ” til sesongen tok til. Det vart gjennomført nokre blåturar samt den årlege barnehageturen før Torgdagen. På Torgdagen var det mange som ville til bydn og båten vart etterkvart fullsett. Seinare vart det ein tur for dei eldre i Lindås Kommune.

På dei to siste sundagane i juni og dei to første i juli gjekk dei tradisjonelle turane frå Bergen til Lyngheiseret på Lygra og Utvandrarsenteret på Sletta. Annonseringa, som skjer i Museumssenteret

sin regi, var mykje meir synleg i avisene enn tidlegare og dette gav fleire passasjerar. Det er fortsatt stor ledig passasjerkapasitet på desse turane og styret arbeider med forbetringar til den komande sesongen.

Den 5. august la OSTER ut på den lengste turen denne sesongen, turen til Fjordsteam 2015 i Florø. Veteranbåtane gjekk i følgje nordover Straumane, med den første overnattinga i Skjerjehamn. Dagen etterpå heldt turen fram mot Florø. Stevnet i Florø fekk stor publikumsoppsluttnad og vart vellukka.

OSTER gjekk frå Florø på Sognefjordscruise saman med GRANVIN. Første overnattinga vart i Sørbøvåg. Mandag vart det stopp i Leirvik, Vadheim og tok kveld i Balestrand.

Tysdag gjekk turen frå Balestrand og var innom i Leikanger, Fresvik, Aurland før Flåm.

Onsdag vart det passasjertur frå Flåm via Undredal og Styvi før Gudvangen. Her vart det ein strek i planane, då den alvorlege brannen i Gudvangatunnelen inntraff og tunnelen vart stengt.

På returen frå Gudvangen var Oster innom Undredal, med ny overnatting i Flåm.

Torsdag byrja returreisa med stopp i Aurland, Sogndal, Balestrand, Vik med overnatting i Arnafjord. I Vik vart motormuseet Kristianhus besøkt. I Arnafjord vart veteranbåtmannskapa inviterte på ein storslagen fest hos Morten Neset i dei gamle butikklokala på d/s-kaien .

Fredag dampa Oster ut Sognefjorden og var tidleg på ettermiddagen framme i Mastrevik. Dei fleste av mannskapet reiste då heim, men nye kom om bord den neste morgonen.

Laurdag vart Kaidagen på Fønnes arrangert og OSTER var med på dette frå kl. 1200 til kl. 1500.

På kvelden gjekk den tradisjonelle turen på Hindenesfjorden. Denne gongen vart det prøvt eit nytt opplegg i samarbeid med bygdelaga for Myking-bygda, Åsgard/Hindenes og Stranda. Dette vart utruleg vellukka med stapp-full båt.

Overnattingshavna var også ny, flytta frå stormutsette Nesbø til den avskjerma Askelandsvågen.

Den neste dagen gjekk Oster frå Askelandsvågen via Fønnes til Furnes der det vart 2 timar stopp i forbindelse med Furnes-kaidagen. Ferda gjekk så vidare med passering gjennom Eivindvik hamn, forbi Olavsstatuen i Skjerjehamn og forbi Mjømna til Fønnes.

I den etterfølgjande veka vart det eldreitur for Masfjorden og Austrheim kommunar og helgebeseøk på Fedje.

Etter 18 dagars fråvær kom Oster attende til heimehamna Bjørsvik den 23. august.

Den neste helga var det Kystsogedagar på Holmeknappen.

Første dagane i September vart det arrangert Bondens Marknad på Koengen, men Oster og dei andre veteranbåtane fekk som ved tidlegare Bondens Marknad, kaiplass ved Bryggen.

Den årvisse Modalsturen gjekk søndag den 6. september og passasjerane returnerte mot Bergen med veteranbuss frå Vikanes, medan Oster avslutta dagen i Bjørsvik.

Kulturnatta 2015 sette punktum for ein vellukka sesong.

Ein stor takk til alle som stiller opp og leg ned ein stor innsats med vedlikehaldet i vinteropplaget og som også stiller opp, som driftsmannskap i seglingssesongen.

Utan desse trugne støttespelarane hadde det ikkje vore mogeleg å halda kulturskatten vår, D/S OSTER, idrift.

Gjennomsnittsalderen for dei aktive medlemene stig sakte, eit år om gangen. Kjenner de nokon som kanskje kunne lika å vera aktivt med på drift og vedlikehald av D/S OSTER ? I så fall må de vera så snille og invitere dei med om bord på OSTER.

REISERAPPORT for 2015:

Distansane er i nautiske mil

1.	23.04: Teknisk prøvetur og bunkring på Hamre	15
2.	25.04: Bjørsvik – Indre Arna – Ytre Arna – Haus - Votlo, m/retur Bjørsvik.....	55
3.A	04.05: Bjørsvik - Skjøndal Slipp	19
3.B	05.05: Skjøndal Slipp - Bjørsvik	19
4.	04.06: Bjørsvik – Bergen – Alverstraumen – Bergen - Bjørsvik.....	67
5.	06.06: Bjørsvik – Bergen – Alverstraumen – Bergen - Bjørsvik.....	67
6.	11.06: Bjørsvik – Ostereidet - Knarvik – Mongstadbasen – Knarvik – Ostereidet	69
7.	12.06: Ostereidet – Hosanger – Knarvik – Alverstraumen – Knarvik – Hos. – Ostereidet	32
8.	12.06: Ostereidet – Hosanger – Eknes – Leknes – Hamre – Salhus – Bergen m/retur	45
9.	17.06: Bjørsvik – Leknes – Knarvik – snudde ved Lygra m/retur.....	44
10.	20.06: Bjørsvik – Hjellvik - Bergen	19
11.	21.06: Bergen – Frekhaug – Lygra - Sletta, t/r – til Bjørsvik	86
12.	24.06: Bjørsvik – Hamre - Bergen – Byfjorden – Bergen – Bjørsvik	55
13.	27.06: Bjørsvik – Tysse – Vikanes – Mo – Vikanes – Tysse – Bergen	51
14.	28.06: Bergen – Frekhaug – Lygra - Sletta, t/r – til Bjørsvik	86
15.	04.07: Bjørsvik – Bergen – Salhus - Frekhaug – Lygra - Sletta, t/r –	70
16.	05.07: Bergen – Frekhaug – Lygra - Sletta, t/r – til Bjørsvik	86
17.	12.07: Bjørsvik - Bergen – Frekhaug – Lygra - Sletta, t/r – til Bjørsvik	103
18.A	05.08: Bjørsvik – Hamre – Knarvik – Vardetangen – Skjerjehamn	
18.B	06.08: Skjerjehamn – Soleibotn – Florø	
18.C	07.08: Florø – Svanøybukt t/r	
18.D	08.08: Florø – Kalvåg	
18.E	08.08: Florø – Kalvåg	
18.F	09.08: Florø – Sørbøvåg	
18.G	10.08: Sørbøvåg – Leirvik – Vadheim – Balestrand.....	
18.H	11.08: Balestrand – Leikanger – Fresvik – Aurland – Flåm	
18.I	12.08: Flåm – Undredal – Styvi – Gudvangen – Undredal – Flåm	
18.J	13.08: Flåm – Aurland – Sogndal – Balestrand – Vik – Arnafjord	
18.K	14.08: Arnafjord – Mastrevik..... =	463
19.A	15.08: Mastrevik – Fønnes	
19.B	15.08: Fønnes – Myking – Åsgard – Askeland – snudde ved Eidetrø – Myking - Åsgard – Askeland	
19.C	16.08: Askeland – Fønnes – Furnes – Eivindvik – Skjerjehamn – Fønnes – Mastrevik	90
20.	20.08: Mastrevik – Masfjordnes – Duesund – rundt Håvarden og retur	54
21.	21.08: Mastrevik – Fønnesstraumen – Bispen – Mastrevik	18
22.A	22.08: Mastrevik – Fedje	12
22.B	23.08: Fedje – Mastrevik – Ostereidet – Bjørsvik	40
23.A	29.08: Bjørsvik – Holmeknappen	
23.B	29.08: Holmeknappen – kveldstur i rute på Herdlefjorden, retur til Holmeknappen ...	
23.C	30.08: Holmeknappen – Frekhaug – Bjørsvik	59
24.A	03.09: Bjørsvik – Bergen	17
24.B	06.09: Bergen – Salhus – Leknes – Hosanger – Ostereidet – Tysse – Vikanes – Mo	
24.C	06.09: Mo – Vikanes – Tysse – Ostereidet – Hosanger – Bjørsvik.....	67
25.A	11.09: Bjørsvik – Bergen.....	18
25.B	12.09: Bergen – Bjørsvik	18
Utsegla distanse i året 2015 i nautiske mil..... =		1.844
Den utsegla distansen i 2015 viser ein reduksjon på 16 % samanlikna med 2014-.		

Vedlikehaldsrapport:

Dampkjelen

Sotsjau vart gjort snarast mogeleg etter at OSTER var lagt i vinteropplag.

Det viste seg at den ildfaste pluggen mot brennarfronten hadde fått mange sprekker. Tok kontakt med ein leverandør innanfor eldfast-mørtel-faget og fekk anvisningar på kva reparasjonar me burde gjera. Det same firmaet leverte ferdigblanda rep.masse, vederlagsfritt, som var påført med godt resultat.

Før oppfyringa, vart kjelen kontrollert både på røykgassida og i vass/damprommet. Det vart gjort justering av opphenget for BB-fødevasrøyr, slik at det kan ekspandere.

Før OSTER la ut på den første turen vart opningstrykket for sikkerhetsventilane justert og funksjonstesta. Flamme- og nivåovervåkinga vart også funksjonstesta med godt resultat.

Hovedmaskina

Hona høgtrykks-sleideboringa og bestelte nye tetningsringar for øvre og nedre dekning på sleiden. Det nye utforminga av tetningsringane gjorde dei svært stive, slik at dei vart lagt til sides.

Istadenfor vart det laga ein ny type tetningsringar etter Tor Vabø sin patent. Desse viste seg å fungere framifrå, med minimal friksjon, slik at drivverket for sleiden gjekk ” som smurt ”.

Gjorde justeringar på den nye eksenterringen, anno 2014, slik at den ligg korrekt an mot eksenterskiva.

I sommaropplaget vart både MT- og LT-sleidane målte opp og det vart laga modell av dei slik at begge kunne justerast optimalt og dette gav ein rolegare gange på hovudmaskina.

Kondensaren

Røyrtsatsen vart børsta og spylt med ferskvatn og endelokka vart reingjort og smurte med Apexior og sinkanodar vart monterte.

Hovedsjø-kjølevasspumpa

Ventilhuset vart opna og ventilplatene vart kontrollerte. Alt såg bra ut og ventilhuset vart smurt med Apexior og sinkanodar vart monterte.

I det inneverande opplaget er pumpa heilt demontert for kontroll og evt. reparasjon.

Dei påhengte pumpene

Etter 2015- sesongen vart balansedrifta demontert, pumpestempla trekte ut då sylindrane skal honast på fødevass-, luft- og kjølevasspumpa.

Hjelpemotoren

Arbeidet med fjerning av den gamle og installasjon av den nye hjelpemotoren held fram utover vinteren. Straks over nyåret vart det skore hol i skottplata mellom maskin- og lasteromet, slik at dette vart transportvegen for motorbytet.

Alt arbeid med tilpassing av fundamentet og montering av det nye aggregatet vart gjort av dugnadsgruppa. Tilslutt vart transportholet sveisa att.

Før den nye hjelpemotoren kom på plass vart det gjort ei grundig oppussing i området.

Den nye hjelpemotoren som er er vasskjølt og lydtempa har innfridd alle forventningane til støyreduksjon og gav eit betydeleg betre miljø i maskinrommet.

Hjelpemotor drivstoff

Hjelpemotoren får no drivstoff frå 2 stk. 300 liters ståltankar, som er plasserte i lasteromet. Dermed kan OSTER ta i mot kjelebunkers, med litt dårlegare kvalitet enn det som krevst til hjelpemotoren.

Maskindørken på BB-sida

Tok opp alle dørkplatene og fjerna rust på undersida og pussa dei opp med to-komponents-primer og sistestrøksmaling. Justerte dørkflata med å kappe bort overflødig dørk og sveiste opp ei rama av vinkeljern, som avgrensning av dørken. Tilslutt vart dørkplatene malte på slitasjesida.

Redningsutstyret

Alle flåtane vart resertifiserte før sesongstarten.

Korridorane på hovuddekket

Korridorane på begge sidene vart pussa opp med eit strøk maling. Fotlista rundt postlugar- og damesalonghuset vart også pussa opp.

Vårpussen

Skutesida var ferdig malt før slippsetjinga, slik at vasslina vart ”sett av” på slippen. Før avgang til Fjordsteam 2015 var det stor mobilisering med oppussing utvendes.

Ankerspelet

Kjøpte inn 120 meter brukt kjetting til SB anker, som held spesifikasjonen frå 1908. Før OSTER var klar for sesongen vart det dreia til ei sylindreforing som vart sett inn i BB-syl. Stempet og stempelringane vart tilpassa den nye sylinderdiameteren. No er begge sylindrane utstyrte med stål sylindreforingar og ankerspelet si brukstid, ombord på OSTER, burde vera betydeleg forlenga. Reparerte muttrane for innkopling av begge kabelarane. S/B ankeret vart tatt på land for ein grundig inspeksjon. Ankeret vart funne å vera brukt, men fullt brukbart og det vart sett på plass igjen.

Skanseledning på fordekket

Nålebanka undersida av toppflensen og smurte på grunningsstrøk før vinteren sette inn.

Hyller i lasteromet

Det vart snekra til 3 hyller mellom frontskottet og SB-bunkerstanken, slik at utstyr som elles ville flyte rundt på lasteromsdørken kan lagrast her.

Eit oljefyringsanlegg på Dale

Laget fekk tilbod om å overta den fyringsolja som var att på eit nedlagt bustad-anlegg, då tanken skulle sanerast. Det vart rykkt ut med dertil eigna pumpe og tank og det vart henta om lag 750 liter fyringsolje av god kvalitet.

Er det nokon som kjenner andre, som er i den same stoda og skal sanere oljefyringsanlegget sitt?

Trallverket på styrehusdørken

Pga. arbeid med maskintelegrafan måtte trallverket på styrehusdørken løftast vekk. Det viste seg at under trallverket hadde det over fleire år samla seg boss, samt at det også var på tide med ei oppussing av både dørken og trallverket.

Oppussing av 1. Plass-salongen

I haust vart all innreiinga i salongen skrudd ned og bært ut, då salongen skal malast oppatt iløpet av vinteropplaget. Det vart også gjort eit omfattande maskering av det som ikkje skal malast.

Samandrag av vedlikehaldsarbeidet ombord:

Det siste året er det notert 3020 timar dugnadsarbeid om bord på D/S OSTER og det totale timetalet har kome opp i : **50.854 timar.**

Finansierings- og økonomigruppa:

Gruppa har ikkje hatt særskilte møte, men har diskutert sakene på styremøtene. Den største aktiviteten i gruppa er i samband med ulike søknadsfristar og diskusjon om prioriterte påkostnader som det må søkjast ekstern støtte for. Dette krev tid og omtanke. Responen på søknadene har variert. Store og viktige støttespelarar/sponsorar som Hordaland Fylkeskommune og Riksantikvaren krev no i større grad enn tidlegare ein god dokumentasjon på utført vedlikehaldsarbeid og innkjøpt utstyr før dei betalar ut støtta til laget. Seglingsplanen for DS OSTER med stoppestader er også eit grunnlag for at sponsorar og støttespelarar/gjevarar kan besøkje DS OSTER t og det er gledeleg å sjå at det blir skipa til lokale arrangement i samband slike båtbesøk.

Gruppa vil oppfordre medlemene i NHVL til å støtte DS OSTER med grasrotdelen når ein Tippa eller spelar Lotto.

Gruppa oppfordrar medlemene til å koma med innspel og idear som kan vera med å støtte drift og vedlikehald av D/S OSTER.

Dokumentasjons- og historikkgruppa:

Gruppa har som oppgåve å sjå til at reparasjonar og montering av utstyr og inventar samsvarar med slik D/S OSTER opprinneleg var då han gjekk i rutefart mellom Bergen og fjordane rundt Osterøy før 1964. Noverande maskintelegraf på brua og i maskinromet treng å skiftast ut på grunn av slitasje. Me har vore heldige og funne ein brukt som er i god stand til maskinromet, denne er norsk produsert og er godkjent til bruk om bord på D/S OSTER av Dokumentasjons- og historikkgruppa. Førebels har me ikkje fått tak i den tilhøyrande delen som skal stå på brua, men me har følarar ute og reknar med at dette ordnar seg.

Gruppa har ikkje hatt andre saker oppe i 2015.

Økonomien

Rekneskapen for 2015 er sett opp under føresetnad om framleis drift.

Styret meiner at årsrekneskapet viser ei klår oversikt over utviklinga og NHVL sin stilling pr. 31.12.2015.

Dei samla driftsinntektene i 2015 var på kr. **1 071 219** mot kr. **1 415 312** i 2014.


Årsresultatet viser eit underskot i 2015 på kr. **443 666** mot eit underskot på kr. **57 807** i 2014.


Styret vil presisere at den økonomiske stoda ikkje er så ille, som det negative resultatet viser.


Det er dei rekneskapsmessige reglane om avskrivning som er årsaka til at resultatet blir slik.


Det er ei utfordring for styret å gjera sitt beste for at resultatet kan bli positivt i 2016.

Ostereidet, 16. februar 2016.



Vigdis Markussen
Styremedlem


Arthur Brekke
Styremedlem


Kjell Harald Nedreaas
Styremedlem


Odd Tepstad
Nestleiar

Svein Mostrau
Styremedlem


Tor Johannes Bjørgaas
Styreleiar

Nordhordland Veteranbåtlag

Resultatregnskap

NOTER	DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2015	2014
	Salgsinntekt	694 514	758 549
	Offentlige tilskudd	103 000	124 500
	Annen driftsinntekt	273 705	532 263
	Sum driftsinntekter	<u>1 071 219</u>	<u>1 415 312</u>
	Varekostnad	275 712	216 146
2	Avskrivning på driftsmidler	451 050	424 459
3	Annen driftskostnad	849 902	923 647
	Sum driftskostnader	<u>1 576 663</u>	<u>1 564 252</u>
	Driftsresultat	<u>-505 444</u>	<u>-148 939</u>
	FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
	Renteinntekter	48 498	76 383
	Annen finansinntekt	13 354	14 926
	Annen finanskostnad	74	177
	Resultat av finansposter	<u>61 778</u>	<u>91 132</u>
	Arsresultat	<u>-443 666</u>	<u>-57 807</u>
	OVERFØRINGER		
	Avsatt til reservefond	37 840	56 884
	Overført fra annen egenkapital	481 506	114 691
	Sum overføringer	<u>-443 666</u>	<u>-57 807</u>


Nordhordland Veteranbåtlag
Balanse pr. 31. desember


NOTER	EIENDELER	2015	2014
	Anleggsmidler		
	Varige driftsmidler		
2	D/S Oster	8 355 000	8 725 000
2	Driftsløsøre, inventar, verktøy o.l.	159 665	240 715
	Sum varige driftsmidler	<u>8 514 665</u>	<u>8 965 715</u>
	Sum anleggsmidler	<u>8 514 665</u>	<u>8 965 715</u>
	Omløpsmidler		
	Fordringer		
	Kundefordringer	20 872	48 785
	Andre kortsiktige fordringer	4 827	45 927
	Sum fordringer	<u>25 699</u>	<u>94 712</u>
4	Bankinnskudd, kontanter o.l.	<u>3 398 225</u>	<u>3 145 063</u>
	Sum omløpsmidler	<u>3 423 924</u>	<u>3 239 775</u>
	SUM EIENDELER	<u>11 938 589</u>	<u>12 205 490</u>


Nordhordland Veteranbåtlag
Balanse pr. 31. desember

NOTER	EGENKAPITAL OG GJELD	2015	2014
	Egenkapital		
	Opptjent egenkapital		
	Reservefond	2 293 696	2 255 856
	Annen egenkapital	9 377 078	9 858 584
	Sum opptjent egenkapital	<u>11 670 774</u>	<u>12 114 440</u>
1, 5	Sum egenkapital	<u>11 670 774</u>	<u>12 114 440</u>
	Gjeld		
	Kortsiktig gjeld		
	Annen kortsiktig gjeld	267 816	91 050
	Sum kortsiktig gjeld	<u>267 816</u>	<u>91 050</u>
	Sum gjeld	<u>267 816</u>	<u>91 050</u>
	SUM EGENKAPITAL OG GJELD	<u>11 938 589</u>	<u>12 205 490</u>


Ostereidet, 16/2 - 2016


Tør Johannes Bjørgaas
styrets leder/daglig leder


Odd Tepstad
nestleder


Vigdis Markussen
styremedlem

Svein Mostraum
styremedlem


Kjell Harald Nedreaas
styremedlem

Arthur Brekke
styremedlem

Nordhordland Veteranbåtlag

Noter til regnskap 2015

Note 0 – Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven av 1998 og god regnskapsskikk i Norge.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, korrigert for nedskrivninger og avskrivninger. Nedskrivning foretas når forskjellen mellom virkelig verdi og bokført verdi er vesentlig, og verdiforringelsen antas ikke å være av forbigående karakter. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Langsiktig lån balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

Inntekter

Ved varesalg:

Inntekt regnskapsføres når den er opptjent, altså når både risiko og kontroll i hovedsak er overført til kunden. Dette vil normalt være tilfellet når varen er levert kunden.

Ved tjenestesalg:

Inntekt regnskapsføres når den er opptjent, altså når krav på vederlag oppstår. Dette skjer når tjenesten ytes, i takt med at arbeidet utføres. Inntektene regnskapsføres med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Kostnader

Kostnader regnskapsføres som hovedregel i samme periode som tilhørende inntekt. I de tilfeller det ikke er en klar sammenheng mellom utgifter og inntekter fastsettes fordelingen etter skjønnsmessige kriterier. Øvrige unntak fra sammenstillingsprinsippet er angitt der det er aktuelt.

Offentlige tilskudd

Investeringsstilskudd periodiseres over investeringsens økonomiske levetid som driftsinntekt. Mottatte driftstilskudd regnskapsføres etter bruttoprinsippet under driftsinntekter.

Note 1 – Organisasjonsform og formål

Laget er en ideell organisasjon uten profittformål. Laget har derfor ikke skatteplikt.

Formålet består i "å ta vare på og halda i drift farty som har gjort teneste i utviklinga av Nordhordland og næraste tilliggjande kommunar. Vidare ta vare på og skapa interesse for å spreia informasjon om det miljøet båtane var ein del av".

Nordhordland Veteranbåtlag

Noter til regnskap 2015

Note 2 – Varige driftsmidler

	D/S Oster	Vinter- tildekking	Radar/GPS	Hjerte- starter	Rednings- flåter	Kjøle-anlegg/ Generator	Sum
Anskaffelseskost pr. 1.1.	12.229.050	242.691	74.621	23.700	68.225	216.537	12.854.824
Tilgang kjøpte driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0
Avgang	0	0	0	0	0	0	0
Anskaffelseskost pr. 31.12.	12.229.050	242.691	74.621	23.700	68.225	216.537	12.570.062
Akk. av- og nedskrivn. pr. 1.1.	3.504.050	216.691	74.621	23.700	30.010	40.037	3.889.109
Årets avskrivninger	370.000	24.000	0	0	13.700	43.350	451.050
Akk. av- og nedskrivn. pr. 31.12.	3.874.050	240.691	74.621	23.700	43.710	83.387	4.340.159
Bokført verdi pr. 31.12.	8.355.000	2.000	0	0	24.515	133.150	8.514.665
Økonomisk levetid	33 år	10 år	3 år	3 år	5 år	5 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

Note 3 – Lønnskostnad, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte m.m.

Laget hadde ingen ansatte i 2015

Styret har ikke mottatt honorar i 2015.

Revisor

Godtgjørelse til Deloitte AS for revisjon utgjør i 2015 kr 11.000 ekskl. mva. Godtgjørelse for andre tjenester utgjør kr 4.300 ekskl. mva.

Note 4 - Bankinnskudd, kontanter o.l.

Av totalt kr 3.398.225 inntænder på bankkonto o.l., er kr 2.293.696 bundet i et reservefond som kun skal benyttes til å dekke større uforutsette vedlikeholdskostnader. Midlene disponeres av et eget styre i henhold til fastsatte vedtekter fra reservefond for D/S Oster.

Nordhordland Veteranbåtlag
Noter til regnskap 2015

Note 5 - Egenkapital

	Reservefond	Annen egenkapital	Sum
Egenkapital 1.1.	2 255 856	9 858 584	12 114 440
<i>Årets endring i egenkapital</i>			
Årets resultat	37 840	-481 506	-443 666
Egenkapital 31.12.	2 293 696	9 377 078	11 670 774

Til årsmøtet i Nordhordland Veteranbåtlag

REVISORS BERETNING

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Nordhordland Veteranbåtlag som viser et underskudd på kr 443.666. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2015, og resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styrets ansvar for årsregnskapet

Styret er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til Nordhordland Veteranbåtlag per 31. desember 2015 og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Uttalelse om øvrige forhold*Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Bergen, 16. februar 2016
Deloitte AS



Pål Svendsen
statsautorisert revisor